

**SAMARBEIDSAVTALE
FELLES
PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE FOR FITJAR, TYSNES OG STORD**

§ 1. Vertskommune/samarbeidskommune

Pedagogisk psykologisk teneste for kommunane Fitjar, Tysnes og Stord (heretter PPT) er oppretta som eit vertskommunesamarbeid i medhald av kommunelova § 28-1 b.

Stord kommune er vertskommune for samarbeidet, Fitjar og Tysnes er samarbeidskommunar. Samarbeidet har organisasjonsnummer 996092577.

§ 2. Føremål og oppgåver

PPT skal saman med kommunane samarbeida for best mogleg tilpassa opplæring for den einskilde elev, med vekt på tidleg innsats.

PPT skal arbeida for å heva kompetansen blant tilsette i barnehagar og skular i kommunane, som ein del av tidleg innsats og for å førebyggja seinare hjelpebehov.

PPT skal gje eit likeverdig tilbod i alle kommunane og vera tilgjengeleg og bidra til heilskap og samanheng i den einskilde eining og i kommunane gjennom rettleiing og systemarbeid.

§ 3. Delegasjon

Stord kommune ved rådmannen får delegert all mynde til utøving av lov om opplæring av §§ 5-6 og lov om barnehagar § 19 c frå kommunane Fitjar og Tysnes kommunar.

Rådmannen kan vidaredelegera dette myndet.

§ 4. Iverksetjing

Denne avtalen gjeld frå 1.10.2018 og avløyser Avtale mellom Stord og Fitjar kommune om PP-tenesta datert 8.9.2003.

§ 5. Eigarmøte (referansegruppe)

Det skal opprettast ei referansegruppe med eitt medlem frå kvar av kommunane, utpeika av rådmannen i den enkelte kommune. Referansegruppa er rådgjevande og kan drøfta utvikling og drift av tenesta. Saker som gjeld auke i bemanning eller auke i driftsbudsjettet som går ut over vanleg prisstigning skal leggjast fram for drøfting i referansegruppa. PPT har ved avtaleinngåinga 10.årsverk.

Referansegruppa konstituerer seg sjølv og har møte minst ein gong i kvartalet. Leiarvervet skal gå på omgang mellom kommunane.

§ 6. Økonomi

Stord kommune skal innan 15. september kvart år utarbeida eit samla budsjettforslag (drift og investeringar) for PPT.

Driftsbudsjettet skal ha eit påslag på 5 prosent som skal dekkja administrasjonskostnader for tenester utførte av Stord kommune.

70 prosent av dei samla driftskostandane vert delt etter talet på barn mellom 0-16 år i kommunane per 1. januar i budsjettåret. Resterande 30 prosent vert delt med 60 prosent på Stord kommune og 20 prosent kvar på Fitjar og Tysnes kommune.

Samarbeidskommunane vert fakturert eit å konto-beløp på 50 prosent av driftsbudsjettet 30. juni i budsjettåret. Endeleg kostnadsdeling vert avrekna basert på rekneskap 31. desember.

§ 7 Rapportering

Vertskommunen rapporterer til samarbeidskommunane i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande økonomireglement for Stord kommune. For tida skal det i tillegg til årsmelding og rekneskap utarbeidast tertialrapportar per. 30.4 og 31.8. Desse skal vurdere verksemda og som hovudregel innehalda opplysningar om:

- Økonomisk resultat, korleis forbruket har utvikla seg i høve til vedteke budsjett
- Prognose, korleis sluttresultatet er venta bli i høve til vedteke budsjett
- Tenesteyting, korleis tenesteytinga har utvikla seg i budsjettåret i høve til vedtekne mål.
- Avviksanalyse, kva som er årsaka til innrapporterte avvik

Rådmennene i samarbeidskommunane skal sjølve vurdere avvika og gjera framlegg om naudsynte tiltak for sine respektive kommunestyre.

Stord kommune skal i tillegg leggja fram månadlege rekneskapsrapportar for referansegruppa.

§ 8. Juridisk ansvar

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

Den enkelte kommune er juridisk og økonomisk ansvarleg for tiltak overfor barn i eigen kommune.

Den enkelte kommune er ansvarleg for alle kostnader vertskommunen blir ansvarleg for som følgje av saker etter skadeserstatningslova (arbeidsgjevaransvaret). Samarbeidskommunen skal straks varslast om slike saker/søksmål og kan delta i drøftingar om saka. Samarbeidskommunen har avgjerande mynde i høve til spørsmål knytt til forlik og anke.

§ 9. Informasjon

Stord kommune har ansvar for å levera oppdatert informasjon om tenesta til samarbeidskommunane. Samarbeidskommunane har ansvar for å formidla informasjonen vidare til eigne innbyggjarar.

§ 10. Lokalisering

Tenesta har lokale i Leirvik i Stord kommune, og ligg slik til at tenesta er lett tilgjengeleg for brukarane av kontoret.

I tillegg til hovudkontoret kan det vera kontor med tilgang til møterom i samarbeidskommunane. Samarbeidskommunane ber sjølve utgiftene med lokale i eigen kommune.

§ 11. Avvikling av samarbeidet

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp med eitt års varsel. Oppseiinga må gjerast skriftleg etter vedtak i det enkelte kommunestyret, og gjeld frå 31.12. det enkelte år. Dei tre kommunane kan avtala kortare avviklingstid, dersom alle er samde om det.

.....2018

rådmannen i Fitjar

rådmannen i Tysnes

rådmannen i Stord